



Kartverket

Stadnamntenesta på Vestlandet  
LLE, UiB,  
Postboks 7805  
5020 Bergen

|                               |                     |
|-------------------------------|---------------------|
| Vestlandet<br>STADNAMNTENESTA |                     |
| Saksnr.<br>2013/23            | Dok.nr.<br>1        |
| Journalnr.<br>21. mars 2013   | Arkivkode<br>363-12 |

Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 08/02545-

20.03.2013

Ark.: 326.12

## Namn på to nye tunnelar ved Lussand og Folkedal på fv 7 i Granvin herad


Me syner til vedlagde e-post datert 15. februar 2013 frå Statens vegvesen Region vest. Uttale frå Granvin herad følger og vedlagt.

Saka gjeld to planlagde tunnelar. Granvin herad og Statens vegvesen er samde om at namna bør vera Folkedaltunnelen og Bjørgatunnelen.

Primærnamna er registrerte som godkjende namn i SSR med skrivemåtane Folkedal og Bjørgi. Dei foreslegne tunnelnamna bør såleis kunna vedtakast utan at det treng reisast namnesak for primærnamna. Me ber om uttale frå Stadnamntenesta, spesielt med omsyn på namnevala og samanbindingsfugene.

Sidan saka gjeld tunnelar på fylkesveg er det Hordaland fylkeskommune som har vedtaksmynde for skrivemåtane. Me ber difor om at uttalen vert sendt direkte dit med kopi til dei andre etatane.

Med venleg helsing

  
Kjetil Gjesdal  
fylkeskartsjef

Åmund Fykse  
stadnamnansvarleg

Vedlegg: E-post datert 15. februar 2013 vedlagt uttale frå Granvin herad

| Kopi                            | Kontaktperson       | Adresse       | Post           | Land |
|---------------------------------|---------------------|---------------|----------------|------|
| Statens vegvesen<br>Region vest | Jonas Dalland       | Askedalen 4   | 6863 LEIKANGER |      |
| Hordaland<br>fylkeskommune      | Samferdsleavdelinga | Postboks 7900 | 5020 BERGEN    |      |
| Granvin herad                   |                     | Postboks 13   | 5733 GRANVIN   |      |

**Fra:** Dalland Jonas [jonas.dalland@vegvesen.no]  
**Sendt:** 15. februar 2013 11:58  
**Til:** Firmapost SK  
**Kopi:** Stenseth Hilde Gunn  
**Emne:** Namnesak tunnelprosjekt Granvin herad  
**Vedlegg:** 2013-0213-Navnesak.pdf

**DocumentIsArchived:** 0

Statens vegvesen ønsker å starte namnesak for to planlagde tunnelar gjennom Haukanesberget og Lussandberget i Granvin herad. Meir info om prosjekta finnast på <http://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv7haukanes> og <http://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv7lussand>.

Namnet Haukanestunnelen kan ikkje nyttast fordi dette alt er namnet på ein tunnel langs fv. 7 i Samnanger. Vi føreslår difor Folkedalstunnelen fordi tunnelen er planlagt under Folkedal naturreservat.

Tilsvarende er namnet Lussandtunnelen i bruk for den korte tunnelen aust for Lussand. Vi foreslår difor namnet Bjørgatunnelen, ettersom det lokale namnet på fjellområdet tunnelen skal gå under er Bjørga (dialekt Bjørja, jf. merknad til planforslaget frå Magnar Lussand).

Granvin herad har uttalt seg til namneforlaga i Heradsstyre og vedtatt namna Bjørgatunnelen og Folkedaltunnelen, sjå vedlegg.

Statens vegvesen sendar hermed namnesakene over til Statens karatverk for vidare handsaming.

Med helsing  
Jonas Dalland  
Prosjektleder for reguleringsplanane

Seksjon: Planseksjonen  
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER  
Kontoradresse: Spelhaugen 12, FYLLINGSDALEN  
Telefon: +47 55516344 Mobil: +47 47623272 e-post: [jonas.dalland@vegvesen.no](mailto:jonas.dalland@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) e-post: [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

**Granvin herad**  
**Sakspapir**

|                             |                 |              |            |
|-----------------------------|-----------------|--------------|------------|
| <b>Styre, komite, utval</b> | <b>Møtedato</b> | <b>Saknr</b> | <b>Sbh</b> |
| Heradsstyre                 | 13.02.2013      | 011/13       | ASH        |

|  |                             |                               |
|--|-----------------------------|-------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Asbjørn Helleve | <b>Arkivkode:</b><br>K2-L32 | <b>Arkivsaknr:</b><br>13/64-3 |
|--|-----------------------------|-------------------------------|

**Namnesaker tunnelar i Haukanesberget og Lussandberget**

Vedtaksmynde: Heradsstyret

Dokumentliste:

| <b>Nr</b> | <b>T</b> | <b>Dok.dato</b> | <b>Avsendar/Mottakar</b> | <b>Tittel</b>                                  |
|-----------|----------|-----------------|--------------------------|--|
| 2         | I        | 17.01.2013      | Statens vegvesen         | Namnesaker tunnelar Haukanes- og Lussandberget |

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Rådmann har følgjande tilråding:

1. Tunnelen i Folkedal får namnet "Folkedalstunnelen".
2. Tunnelen i Lussand får namnet "Bjørjetunnelen" alternativt "Bjørgetunnelen".

**13.02.2013 Heradsstyre**

**HS-011/13 VEDTAK:**

Samrøystes vedtak:

1. Tunnelen i Folkedal får namnet "Folkedaltunnelen".
2. Tunnelen i Lussand får namnet "Bjørgatunnelen".

**FAKTA:**

Statens vegvesen har i e-post datert 17.01.2013 gjeve melding om at dei ønskjer å starte namnesak for planlagde tunnelar i Folkedal og Lussand. Namnet "Haukanestunnelen" som er i Folkedal og "Lussandtunnelen" på Lussand, kan ikkje nyttast avdi desse namna er nytta på allereie eksisterande tunnelar.

Statens Vegvesen legg fram eit forslag på "Folkedalstunnelen" i Folkedal og "Bjørgatunnelen" for tunnelen i Lussand. Grunngeving for valet av namnet "Folkedalstunnelen" er at tunnelen går under Folkedal naturreservat. På Lussand går tunnelen under fjellområdet "Bjørga" (dialekt Bjørje) difor namnet "Bjørgatunnelen".

Statens Vegvesen ønskjer uttale frå Granvin herad før saka vert sendt til handsaming hjå Statens Kartverk.

#### **VURDERING:**

Sakshandsamar har ikkje noko merknad til namnet "Folkedalstunnelen". På Lussand ønskjer ein gå for "Bjørjetunnelen" som er dialekt utale, alternativt "Bjørgetunnelen"

**Rett utskrift**

**Dato:**

**Kopi til:**

Statens Vegvesen Region Vest v/Jonas Dalland